



Per Oddvar Hildre i kjent positur. (Foto:Ola Matti Mathisen)

- Mannen er eit fyrverkeri. Vi har lært utruleg mykje desse dagane. Det er utruleg at det går an å "rista saman" eit så godt kor på så stutt tid. Dette er eit utsegn som går att etter at 77 korsongarar denne helga har vore på Rosendal songlag sitt seminar, opplevd sunnmøringen Per Oddvar Hildre og runda av med ein suksess-konsert i Samfunnshuset. Det var den muntlege eksamen etter seminaret. Og karakteren var "Bestått"!

Naturleg nok var "Røysterett for alle" i ei sentral rolle under seminaret og konserten, med sine 19 deltakarar. Det var omtrent halvparten av Uskedal-koret. Berre vertskoret hadde med sine 26 fleire med, men ellers kom deltakarane frå mange kantar. Det var til og med ein frå Bærum og ellers var dei frå Vindafjord (Kor Innante), Ølve, Odda, Sotra og Skjold ved Bergen.

Det var leiar og kassserar i Rosendal Skoglag – Bente Haugen og Astrid Måkestad – som hadde ideen om seminaret og som leia det. Då punktum vart sett sundag kveld, hadde dei registrert berre godord både om det sanglege og den tekniske avviklinga.

Bente sa dette om kvifor dei satsa på seminaret, det første i sitt slag i Rosendal: - Vi fann at alle ville ha utbytte av skikkeleg påfyll og tok difor initiativet til ei slik helg utanom det vanlege.

Helga ga ikkje berre påfyll av kunnskap, men også av repertoar. Dei nylærde songane blir spela inn på ein CD.



Maria Malmsten i uvanleg positur. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Medan eitt fyrverkeri sprudla inne i ringen av songarar var eitt anna fyrverkeri i ein høgst uvanleg situasjon. Dirigent både for "Røysterett for alle" og Rosendal songlag Maria Malmsten sat avslappa med beina på ein stol og berre saug inn.....

Men så viste det seg at ho ikkje hadde heilt fri likevel – ho tok i høgste grad sitt monn igjen som solist under konserten.

Og til uskedalen.no kom ho med denne karakteristikken av sin kollega, sjølv sjefsguruen på korfronten i dette landet, som har hatt storsuksess med SKRUK og instruert landet rundt i mange år:

- Per Oddvar jobbar trygt, naturleg og effektivt. Han repeterer mange gongar og det er tydeleg at lærdommen går inn både i hjerne og strupe. Og så er det interessant at han legg vekt på å stemme koret – han finner ut kvar den einskilde passar. Det er jo litt av eit puslespel.



Syngande menn frå fleire kantar. Fleire er frå "Røysterett for alle" – til dømes Oscar Langballe lengst til venstre, Jostein Grov omtrent midt i rekkja og leiar Lars Henrik Skogtun lengst til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Maria var solist i tre nummer under konserten, først i "Den fyrste song" og deretter i "Cant tell you" frå "Showboat" og "Summertime" frå "Porgy and Bess". Ikkje minst i den siste kom den vakre og varme røysta hennar til sin rett. Jazzinspirerte låtar har ikkje stått på repertoaret hennar mykje og no viste ho på ny at ho spenn over eit vidt register.

Det er ein trend i tida at dei gamle, gode songane kjem til sin rett att, gjerne i nye versjonar. Hildre bidrar i høgste grad til det. Ikkje berre fekk vi høyra ein oppjazza "Blåmann", men enda meir hadde han gjort utav "Millom bakkar og berg" i ny og dramatisert drakt. Og Hildre laga eit stort publikums-show utav "Per Spellmann" og "Bæ, bæ, lille lam". Han kan kunsten å gjera folk glade i å syngja!

Puktum for konserten var - ikke unaturleg - to julerelaterte songar frå Russland og Colombia.

Av Ola Matti Mathisen



Rosendal songlag og "Røysterett for alle" i harmonisk samsong.. Frå venstre sit Solveig Hellesøy Sandvik, Randi Pettersen, Magnhild Skogtun, Esther Mørstad og Kirsten Rød. (Foto: Ola Matti Mathisen)